



Nordbygda helselag

**Til Masfjorden kommune**

**v/ helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen**

**Austfjordvegen 2724**

**5981 Masfjordnes**

## Høyringsuttale – Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

Nasjonalforeningen Nordbygda helselag handsama saka på medlemsmøte 24.04.2017.

Helselaget har ingen merknader til innhaldet i sjølve forskrifta, men har nokre kommentarar og spørsmål til problemstillingar ein kan komme borti som pårørande.

Fleire av medlemmene på møtet er eller har vore pårørande til personar som bur/har budd på Masfjorden sjukeheim. Dei har positive erfaringar med at kommunen er flink til å jenke seg når det er behov for langtidsopphald. Ein har kanskje ikkje fått einerom med det same, men det har vanlegvis ordna seg etter kort tid. Me er kjende med at eine avdelinga (korttids) for augneblinken står tom. Kva har kommunen tenkt å gjere dersom ein kjem i ein situasjon der alle rom er belagde og det ikkje er ledige rom ved sjukeheimen?

Dersom eit ektepar ynskjer å bu saman, men det berre er den eine ektefellen som har fått tildelt opphald på institusjon, kva gjer kommunen i slike tilfelle? Omsorgsbustadene kan vere eit reelt alternativ ei stund. Men kva då dersom den eine av partane får så stort pleiebehov at vedkommande må på sjukeheimen?

Pårørande er også blitt godt mottekne og ivaretekne på Masfjorden sjukeheim. Det vere seg både i den vanlege kvardagen på sjukeheimen og i den siste livsfasen til bebuar. Me kjenner til at pårørande har fått bu på sjukeheimen når det nærmar seg avslutning på livet for den som har budd på sjukeheimen. Det krev at det er romkapasitet til å ta imot pårørande. Er ein sikra at dei som ynskjer å vere saman i terminalfasen, får gjere det?

Det er i dag mykje snakk om at fleire ynskjer å få dø heime. Helsepersonar har i seinare tid uttalt i media at fleire bør få høve til å dø heime i kjende omgivnader. Korleis stiller Masfjorden kommune seg til det? Har heimesjukepleietenesta kapasitet til å yte det som då trengs, både i høve pleie og medisinerer?

Til slutt vil Nasjonalforeningen Nordbygda helselag slå eit slag for eit meir demensvennleg samfunn. Pr. i dag er det over 70000 som er ramma av demenssjukdom, ca 60 % av dei bur heime. På sjukeheim er det i snitt 80 % av bebuarane som har ein demenssjukdom.

Det skal ikkje så mykje til for å bli eit meir demensvennleg samfunn. Det handlar først og fremst om at me alle må få meir kunnskap om sjukdommen og om kva me kan gjere. Ved å kurse og informere personar innan serviceyrke som td. butikktilsette , drosjesjåførar og kommunen sitt servicetorg, og for så vidt alle oss andre, vil personar med demens få ein mykje enklare og betre kvardag, ved at me blir meir merksame på deira behov. Når me får meir kunnskap og veit kva me skal gjere, eller ikkje gjere, så blir me også flinkare til å yte det vesle ekstra. Viser til vedlagde skriv om «Et mer demensvennlig samfunn» og «Hva kan din kommune gjøre?», som er henta frå Nasjonalforeningen for folkehelsen si nettside.

Duesund, 25.04.2017

Med venleg helsing

Nasjonalforeningen Nordbygda helselag

  
Liv Dyregrov - leiar